



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

DESEMBER 2022 t.o.m. 12. JANUAR

Konsert med Erlend Gunstveit

på Sæbyggjen

6. desember – kl.15



Billettpris kr 200

Gratis for Bygdeheimens bebuarar

Arr: Folkeakademiet og
Dagsenteret v/Valle Bygdeheim



Valle kulturskule inviterer til

JULEKONSERT

Torsdag 8.desember

kl. 17

i Storstoga

Vi sel lapskaus, kaffi, saft m.m. frå kl. 1530

- velkomne til eit triveleg treff
før konserten!

Vi ønskjer små og store i alle aldrar
hjarsteleg velkomne!

Inng. vaksne kr 50 / barn og ungdomar gratis.
Arr. Kultur og fritid

Jolemarknad

Sæbyggjen kl 15:00-17:00

Fredag 09.12.2022

Arbeidsliv v. Valle skule skal ha
jolemarknad med produkter vi har laga.

Elevbedriftar 9.trinn vil selge noko å
ete.





Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Opningstider i kommunen i romjola

I romjola vil resepsjon og sentralbord vere i Sæbyggjen, og då vil biblioteket og vere ope. Opningstida vil vere tysdag – fredag kl. 10.00 –15.00.

Kom innom og få deg litt kaffi, peparkaker og jolestemning medan du finn deg ei god bok!



Valle kommune ynskjer alle innbygjarane ei riktig fredeleg og god jolehøgtid!

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Valle kulturskule

Vi sttartar opp att etter nyttår 3.januar!

Valle ungdomsklubb

Vi startar opp att etter nyttår 11.januar!

PLEIE OG OMSORG INFORMERER

Hørtsel

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle bygdeheim torsdag 8.desember.

Dette er berre for dei som har høyreapparat.

Ring Liv Gunn viki [900 79562](tel:90079562) om du treng time.

Språkkafé

Biblioteket har kvar torsdag språkkafe kl. 18.00. Me vil gjerne ha med fleire, både norske og dei som kan trenge noko ekstra øving i å prate norsk. Enkel servering og god stemning.



Kommunalt utdanningsstipend for ungdom skuleåret 2022/2023

Elevar som tek vidaregåande skule/høgskule/ universitet utdanning kan søkje om kommunalt utdanningsstipend.

Søkjaren må vere folkeregistrert i Valle kommune. Kvar søkjar kan få tildelt stipend inntil 5 gonger utan aldersavgrensing. Stipendet er på kr. 7 000,-

Søknadsfrist er: 15. februar 2023

Søknadsskjema finn du på vår heimeside www.valle.kommune.no, under sjølvbetjening, skjema a-å og heiter kommunalt utdanningsstipend. De vil også finne ein eigen artikkel under aktuelt der det vil ligge lenke til skjema.

Du fyller ut skjemaet på skjerm, etterpå skal det skrivast ut og signerast. Det er særst viktig at alle opplysningane er fylt ut og at skulen du gjeng på fyller ut sin del av skjemaet. Dei MÅ og signere og stemple skjemaet. Skjema som ikkje er fylt ut korrekt vert sendt i retur.

Vi startar handsaming av søknadane i starten av februar. Søknadar som har kome inn etter fristen vert ikkje handsama.

Om du er i tvil om noko kan du kontakt med Anne Berit Haugen Solheim på e-post: anne.berit.haugen.solheim@valle.kommune.no eller telefon: 986 35 656.

Info frå legekantoret

I tida framover kan folk oppleve at det blir ein del ventetid for å få time på legekantoret i Valle, sidan legane må ta ein del kurs og avvike ferie. I den forbindelse vil vi informere om følgande:

Når ein bestiller ein vanleg time ønsker legen å få eit stikkord i timeboka om kva kontakta gjelder. Ved øyeblikkeleg hjelp følger sjukepleiar nasjonale retningslinjer som dei er pålagde å bruke. Dette er eit standardisert arbeidsverktøy som inneber utspørjing i forhold til symptom og fastsetting av hastegrad. Alt dette blir dokumentert i journal og legen har då ein viktig informasjon før pasienten kjem til lege. Vi ber om forståing for dette.

Ved behov for hjelp ber vi om at ein fortrinnsvis henvender seg til sitt fastlegekontor.

Stengt legekantor 6. desember 2022

6. desember held legekantora i Valle, Bykle og Hovden stengt pga kurs.

Har du behov for øyeblikkelig hjelp ring:

Legevakt: 116 117

Nødnummer: 113

Tilbud om oppfriskningsdose Covid-19 ved Valle helsesenter

Folkehelsa FHI ANBEFALER alle i alderen over 65 år og dei som er i risikograppa om oppfriskningsdose koronavaksine.

Alle personer i alderen 18 til 64 år KAN få tilbud om oppfriskningsdose koronavaksine.

Dersom du ynskjer oppfriskningsdose kan du bestille time eller Drop-in Covidvaksine

30. november og 7. desember kl. 09.00-14.00.

Ved spørsmål ring Valle legekantor 379 37 540.

Krykker

Vintersesongen nærmer seg og glatta lurar rundt hjørnet. Har du lånt krykker frå legekantoret, vil vi gjerne ha desse attende 📞



DAGSENTERET

Dagsenteret startat onsdagar kl. 10.30

Tysdag 6.12 Konsert med Erlend Gunstveit på Sæbyggjen (sjå eige info)

Onsdag 7.12 Jolekonsert med Bjørg-Sissel Tveiten, Thor Bernhard Sagland og Knut Olav Upstad på Dagsenteret (sjå eige info) og bingo.

Onsdag 14.12 Joleavslutning m/konsert med Valle kulturskule kl.11, og stor jolebingo

Oppstart etter nyttår vert onsdag 11 januar.
Ynskjer alle ei god jol og eit godt nyttår!



Frist for innsending til Bygdenytt for halve januar og februar er 8. Januar

VI VIL OGSÅ MINNE ALLE LAG, ORGANISASJONAR OG ALLE ANDRE ARRANGØRAR OM Å SENDE INFORMASJON OM DYKKAR AKTIVITETAR TIL KALENDEREN PÅ HEIMESIDA TIL VALLE KOMMUNE.

Dette for å unngå at arrangement kolliderer. Hugs også å sjekke kalenderen når du planlegg eit arrangement, og vis omsyn dersom datoen er «oppteken».

Send info til sentralbord@valle.kommune.no

PS: Fb Kultur i Valle deler gjerne info om arrangement og aktivitetar fortløpande - send ei melding til sida!

«I ei kiste på eit loft»

Lisa Blom på Setesdalsmuseet 3. des. kl. 15.00



Det heile starta med ei oppdaging i ei kiste, eit funn av ei gamal trøye!

Lat oss gjere ei reise tilbake 200 år, korleis var det å leve på den tida?

Illustrert med bilete og med stor innleving fortel ho ei historie om folkedrakt, tradisjon, handverk, bevaring identitet og tilhøyre.

Lisa Blom jobbar på husfliden i Mandal. Ho fortel om arbeidet som ligg bak den nye rekonstruerte herrebunaden.

Vel møtt til Setesdalsmuseet !

Enkel servering.

Inngang kr. 200/150 for medlem. Skuleelevar gratis

Arr. Folkeakademiet Valle

«Krigen er ingenting å snakke om!»



Kathrin Pabst

12.des. kl 19 på Sæbyggjen

Ei personleg forteljing om Tyskland i etterkrigstida, og korleis krigen har sett sine spor i oss etterkommarar, sjølv om ingen vil prate om det som har skjedd.

Vel møtt i Sæbyggjen for å høyre meir om dette!

Enkel servering.

Inngong: kr 200/150/skuleelevar gratis

Smil til livet

25. januar 2023, kl 13-20

Hylestad soknehus

Velkomen til ein inspirerande møteplass.



Mange gratis foredrag og stands som gjev deg nyttige tips til å fortsette som eigen sjef på veg inn i livet som senior!

Matsal heile dagen. Tak med familie og vener å et middagen på soknehuset.
Gratis kaffe!



Trond-Viggo Torgersen og Kari Slaatveen kjem kl 19-20. Vi kan love at dei gjev deg og dine ein ettertenksom og morsom samtale om opplevinga om det gode liv som senior.

Inngang til "Før kroppen blir til støv" kr 100

Arrangør: Valle kommune

OPEN HALL / AKTIVITETSDAG

NB: NY DATO: LAURDAG

10. DESEMBER

VALLE KULTURSENTER

**FAMILIE-
BADING**

**OPEN
IDRETTS-
HALL**

AKTIVITETAR
kunst dans buldring
juleverkstad
musikk mat

KL. 11-15

Arr. Kultur og fritid

JULEKONSERT

MED

ELEVAR FRÅ VALLE KULTURSKULE

VALLE BYGDEHEIM, DAGSENTER

ONSDAG 14. DESEMBER KL. 1100

Dagsenter startar som vanleg kl. 1030.

Stor julebingo!

Gratis inngang - velkomen!

Velkommen til jolekonsert

Thor Bernhard Sagland


Björg-Sissel Tveiten

Knut Olav Uppstad



På dagsenteret ved Valle bygdeheim

7. desember – kl. 11.00



JOLEFEST I SETESDAL SPELEMANNSLAG

28.12

TIPS: TAK RUTEBUSSEN
TIL JOLEFEST

**SETESDAL HOTELL
BYGLAND**

KL.19.00 APERTIFF

KL. 19.30 MIDDAG:

HJORT MED BÅTSTEIKTE EPLE OG TILBEHØR
BROWNIES MED IS OG MOLTESAUS

KL.21.00 KONSERT:

LARS ERIK ØYGARDEN

KL.21.30 PUB, DANS

OG

OPEN SCENE

PRIS

395,-

OVERNATTING MED FRUKOST:1000,-

PÅMELDING TIL GUNNAR OSE INNAN 22.12 TLF:908 22 871,


GDOSE19@GMAIL.COM

FOR OVERNATTING: 989 01 600


FOTO RUNHILD HEGGEM

Garane grendehus i Brokke

Jolemarknad



Laurdag 10. desember kl. 11.00-18.00



Kafé og loddsalg

[Garane grendelag](#) (Facebook)


På Facebook- sida vår kan du sjå oppdaterte lister over deltakarar. Noko av det du kan forvente:

Saueskinn, sylvarbeid, trearbeid, måleri, Salsita, hånarbeid, jolepynt, månekalender, puslespel, kaker, lefser, mmm

Salg av eplekaker (= potetkaker), lefser, kaker, kaffe, brus, med mer



Inntekta av matsalg og standleige gjeng til grendehuset. I den økonomiske situasjonen grendelaget har kome i pga stramprisen og pandemi, håper me at folk også utanfor Garane vil støtte grendelaget med å kome på denne jolemarknaden og sjå kva som tilbys av varer. (Garane er Brokke, Berg og Haugeland)



 **Brokke Grendfelt 12**
4748 Rvsstad



**LUCIAFEST
TYS DAG 13. DESEMBER
I SÆBYGGJEN
FRÅ KL. 17.**

Vi inviterer små og store innbyggjarar til triveleg samvær med baking av lussekatter, song og musikk! Nyankomne og flyktningar er særleg velkomne.

Arr. Valle sokneråd, kyrkja i Valle
og Kultur og fritid



NOMELAND BEDEHUS

Bibelundervisning med JAN BYGSTAD på skjerm frå YouTube
sundag 11. des. Kl 19.00 på Nomeland bedehus.
Emne: 1. mosebok kap. 12 - 15 om Abraham.



Alle velkomne!

BØNEMØTER

Kvar måndagskveld heile året er det bønemøte kl. 20.00 på bedehuset.

ALLE velkomne til bøn og fellesskap!



**KYRKJA I DESEMBER OG
JANUAR**

Valle kyrkje:

Sundag 4. desember kl 19.00
Ljosmesse ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie.
Presentasjon av konfirmantane.

Jolaftan 24. desember.
Familiegudsteneste kl 16.30

8.januar kl 16.00.
Gudsteneste.

Hylestad kyrkje:

25.desember kl 12.00
Gudsteneste

22.januar kl 11.00
Gudsteneste

OBS: Bykle kyrkje:

Sundag 11.desember kl 11.00
Innsetjingsgudsteneste av ny sokneprest,
Toralv Frøysaa Lie
Stor kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Joletrefest :

Sundag 1. januar kl 15.00.
Fest for store og små i Kyrkjestova.

Andakt på Valle Bygdeheim:

Onsdag 14.desember kl 11.00
Onsdag 25. januar kl 11.00
Andakt ved Per Emmanuelsen og soknepresten.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

Valle allidrettsklubb

Det blir samling i Vallehalli **laurdag 10. desember** frå kl **18.00 - 21.00**.

Denne gongen skal Joakim Halvorsen frå NML ha andakt.

Det blir turnering med flotte premiar, jolegraut med tilbehør, og ikkje minst skal vi pakke gåver til Frelsesarmeen.

Vel møtt !



Laurdag 14. januar kl. 18-21

Iddrettsaktivitetar i hallen

Andakt

Kiosksal, samt gratis kake & frukt. Høve til å betale friviljug medlemskontingent for 2023 på kr 50,-
ALLE frå 8.klasse og oppover er hjarteleg velkomne! Håper de frå vgs og tek turen!

Me sjåast i hallen!

Til alle hundeglade mennesker 🐾

Hjertelig velkommen til Valle hundeklubb 🐾

Ta med din firbente venn for sosialisering, lek og trening med andre hunder!

Vi møtes på parkeringsplassen ved Valle stadion tirsdager kl.1800 🐾

Følg oss på FB Valle hundeklubb for info 🐾



FAGFORBUNDET
Bykle / Valle

Årsmøte for 2022

Haldast på Bykle Hotell tysdag 17.januar 2023
kl.18.00

Årsmøtesaker etter Fagforbundets vedtekter. Alle medlem kan kome med forslag til saker som handsamas på årsmøtet. Forslaga må vere inne hos styret v/Marianne Hagen innan tysdag 03.01
Mail: marianne.hagen@istorm.no

Påmelding innan 10.01 til Marianne Hagen på tlf.91189077

Tapasbuffet med dessert etter årsmøtet
Hilsen

Styret i Fagforbundet Bykle og Valle

JOLETREFEST i Broderheimen bedehus for folk i alle aldrar

4. joledag (28.desember) kl. 17

Nystefest – tak med eiga nyste. Kaffi, brus og jolesnacks er på huset.

Andakt v/ Egil Grindland (NLM).

Ei lita overrasking eller to?!

Gong rundt joletree.
VELKOMEN til alle frå heile dalen!



Bygdekinoen

TORSDAG 1. desember



Kl. 1700 - En Annerledes verden

Bli med på et eventyr bortenfor vår verden! Disneys "En annenledes verden" er et originalt actionfylt animasjonseventyr, der vi møter familien Clade. En familie med tre generasjoner av eventyrere.




Kl. 1900 - Vikingulven Halv pris!

VIKINGULVEN er en klassisk varulvfilm i en helt ny innpakning. Det er også Norges første varulvfilm! Thale (17) har nettopp flyttet med familien til den lille byen Nybo fordi moren har fått jobb i det lokale politiet. På en strandfest med lokale ungdommer blir en student brutalt drept, og Thale er nøkkelvite i saken. Hvem eller hva står bak drapet? Mye tyder på at det kan være et dyr, kanskje en ulv. Hva skjer i Nybo ved neste fullmåne?

TORSDAG 15. desember

Kl. 1700 - Pus med Støvler: et siste ønske

Alles fryktløse, melkedrikkende heltepus returnerer, som et ekte bevis på at legenden aldri dør! Men mange år med heltemodige erobringer og kamper sliter på helsa, og Pus blir konfrontert med at han kun har ett av sine ni liv igjen. Han får beskjed av doktoren om å legge om livsstilen sin, og ta det med ro. Klarer Pus å leve som den legenden han er, og samtidig bevare sitt siste liv?


Kl. 1900 - Avatar: The Way of Water

Mer enn ett tiår etter hendelsene i den første filmen, forteller «Avatar: The Way of Water» historien om Sully-familien (Jake, Neytiri og deres barn), om tragediene som følger dem, og hvor langt de må gå for å beskytte hverandre og holde seg i live.

TORSDAG 12. januar

Kl. 1700 - Folk og røvere i Kardemomme by

Se Thorbjørn Egners folkekjære fortelling om Kardemomme by i en splitter ny animasjonsfilm for hele familien! Møt de tre røverne, tante Sofie og politimester Bastian i denne energiske og fargesprakende filmen, og hør alle de kjente sangene i ny drakt.


Kl. 1900 - Kampen om Narvik


April 1940. Den gryende krigen i Europa virker fjern for nordmennene, men verdens øyne er allerede rettet mot Narvik som skiper ut jernmalmen Hitler er avhengig av for å holde det tyske krigsmaskineriet i gang. Natt til 9. april krenkes Norges nøytralitet og tyske soldater går i land. Fra skyttergraven er det enkelt å vite hvem som er venn og hvem som er fiende. Fra den sivile siden er bildet mer komplisert.

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!**

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html

01.12 Kl. 12	Torsdagar i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
01.12 Kl. 17	 Bygdekinoen
01.12 Kl. 18	Språkkafè, Sæbyggjen
03.12 Kl. 15	«I ei kiste på eit loft» v/Lisa Blom, Setesdalsmuseet

06.12 Kl. 15	Konsert med Erlend Gunstveit, Sæbyggjen
06.12 Kl. 18	Valle hundeklubb, parkeringsplassen ved Valle stadion
07.12 Kl. 10.30	Dagsenteret: Jolekonsert med Bjørg Sissel Tveiten, Thor Bernard Sagland og Knut Olav Uppstad, Valle bygdeheim
08.12 Kl. 10.30	Høyrsel v/audiograf Caroline Dankworth, kjellaren Valle bygdeheim
08.12 Kl. 12	Torsdagar i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
08.12 Kl. 17	Jolekonsert v/Valle kulturskule, Storstoga
08.12 Kl. 18	Språkkafè, Sæbyggjen
09.12 Kl. 15	Jolemarknad v/Valle skule, Sæbyggjen
10.12 Kl. 11	Open hall/aktivitetsdag, Valle kultursenter
10.12 Kl. 11	Jolemarknad, Garane grendehus i Brokke
10.12 Kl. 18	Samling i Vallehalli, Valle kultursenter
12.12 Kl. 19	«Krigen er ingenting å snakke om!» v/Kathrin Pabst, Sæbyggjen
13.12 Kl. 17	Luciafest, Sæbyggjen
13.12 Kl. 18	Valle hundeklubb, parkeringsplassen ved Valle stadion
14.12 Kl. 11	Dagsenteret: Jolekonsert v/Valle kulturskule, Valle bygdeheim
15.12 Kl. 12	Torsdagar i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
15.12 Kl. 17	 Bygdekinoen
15.12 Kl. 18	Språkkafè, Sæbyggjen
15.12 Kl. 12	Torsdagar i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
20.12 Kl. 18	Valle hundeklubb, parkeringsplassen ved Valle stadion
22.12 Kl. 18	Språkkafè, Sæbyggjen
27.12 Kl. 18	Valle hundeklubb, parkeringsplassen ved Valle stadion
28.12 Kl. 19	Jolefest i Setesdal spelemannslag, Setesdal hotell Bygland
28.12 Kl. 17	Joletrefest i Broderheimen bedehus
12.02 Kl. 17	 Bygdekinoen
14.01 Kl. 18	Idrettsaktivitetar i hallen, Valle kultursenter
25.01 Kl. 13	«Smil til livet» v/Trond Viggo Torgersen og Kari Slaatveen
05.01 Kl. 18	Språkkafè, Sæbyggjen